


# Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy  
Nr. 3 sommaren 2002



Ved.  
Olav Meltvik



# Vår grind

Jamen fekk me ein fin vår i år også. Det er vel tredje året på rad no at bjørka vert grøn før 1. mai, og det vert sagt at dette er den varmaste våren på 100 år.

Men me minnest vårar då me måtte ta inn bjørk og setja i vatn for å få ho grøn til å pynta med 17. mai.

I år fekk asken lauv berre to- tre dagar etter eika. I fjar var asken 14 dagar etter.

Skal me ikkje då vona på ei jamnare deling av sol og væte denne sumaren ?

Dette ut frå den gamle regla ” Eik før ask då vert det plask”.

I dag har eg vålt noko av utmarkgjerde. Sumartid vil me ikkje ha framande beitedyr inn på ”gobøden” før me skal til med slåtten.

Av og til kunne det og vore godt å hatt eit gjerde i kring oss som kunne stengja ute alt som er vondt og vanskeleg. Men i vår tid får me informasjon om alt som hender, både nært og fjernt, med det same det hender. Kan henda gjer all denne informasjonen oss meir herda og likesæle enn før. Det er vel ikkje heilt bra. No meiner ikkje eg at me skal ta alt

innover oss, då vert det for tungt å bera. Me lyt prøva å halda noko utanfor gjerdet vårt, men ikkje gløyma å ha omsut også for andre enn oss sjølve.

I dei fleste gjerde er det ei grind, det må me også ha i det gjerdet me har omkring oss. Me må kunna koma ut og andre må kunna koma inn til oss, nær oss. Måtte det berre vera slik at dei som kjem til vår grind kan finna tryggleik, omsorg og varme innanfor.

I dette nr. kan de lesa andakt av Brigt Skeie. Normann Stokke fortel om Bruvik bedehus. I Haus hev dei eit misjonsprosjekt på gang. Marit Skjeldal skriv om dette. Vårfesten for konfirmantane i prestegarden i Haus fortel Wenche Fiskeseth om. Me har med litt frå 2. pinsedag på Hamre. Har det hørt om Rettferdig kaffi?. Sigurd Svensson har opplevd Fjellets kirke.

Elles lista over gudstenester i sumar. Dei faste postane Familienytt og soknepresten har ordet finn de og.

## Feil telefonnr. i leirbrosjyren frå Bergen søndagskolekrets.

Frå Bergen Søndagskolekrets har me fenge eit naudrop om å ta inn i bladet det rette telefonnummeret deira som er : 55 31 20 32.

# Velsigning - kva er det?

Av Brigt Skeie

Kva betyr dette litt gammaldagse ordet: «*velsigning*»??

Slik eg oppfattar det, så betyr det at vi ønskjer det beste for nokon. Ikkje berre ved å bruka ord, men gjerne også inkludert det å gjera noko godt for dei.

Ordet «*velsigning*» har berre noko positivt og godt i seg: eg vil deg vel. Det motsette ordet er «*forbanning*»; det å ønskja vondt for andre og i tillegg kanskje prøva på å skada eller øydeleggja for andre.

Kva om israelittar og palestinrar kunne setja seg ned og snakka saman om: kva godt kan vi gjera imot kvarandre? Vi vil slutta med å øydeleggja for kvarandre. Hadde ikkje det skapt ein heilt ny situasjon, der ein ville gjera det beste og ikkje det verste for kvarandre??

Ein ganske utbreidd tankegang er den at viss det berre går greit med meg og mine, så er det ikkje så nøyne med dei andre. Var det ikkje nokon **eg** kjenner som vart ramma av ei ulukke, så er det ikkje så nøyne. Er det berre **eg** som får eit skikkeleg lønnshopp, så er det ikkje så nøyne med kva andre får.

Velsigning er eit vern mot egoisme og det å berre tenkja på seg sjølv. Å ønskja godt for andre, rettar blikket mot andre: korleis går det med dei? Korleis har dei det? Kva er best for dei?

Å møta menneske som vil oss vel, er det ikkje det vi ønskjer?

I velsigninga er ordet «*deg*» brukt 6 gonger.

Det kan verta sagt til tusenvis av menneske, men er likevel personleg adressert: **Herren velsigne deg.**

Gud ønskjer at alle menneske skal få møta hans velsigning, ...og **vare deg.** ønskje om at Gud skal gjera noko godt mot deg og ta godt vare på deg.

**Herren la sitt andlet lysa over deg!**

Han følgjer med, men på ein god og vennleg måte.

**...og vere deg nådig!** Ikkje svikta om de gjer feil. Gud reknar ikkje med at vi ikkje gjer feil. Han ser at vi gjer feil, det er jo difor han tilbyr oss sin nåde (tilgjeving). Å vera nådig betyr å vera klar over det vi har gjort, sagt, ..., men likevel vera glad i oss.

**Herren lyfte sitt åsyn på deg!** Gud skal ikkje sjå ned på deg. Gud set deg høgt og vil lyfta blikket sitt imot deg.

I den japanske Bibelen står det: Herren la ansiktet sitt vera vend mot deg. Gud vil ikkje trekkja seg unna deg, snu ryggen og venda ansiktet bort. Han vil tvert imot: venda blikket imot deg!

Vi kan godt vera ueinige og sjå ulikt på ting, men det treng vel ikkje medføra at vi ikkje toler møta kvarandre og sjå kvarandre i augo?? Det går an å ønskja godt for menneske vi er ueinige i synspunkta til!

**..og gjeve deg fred!** Leve i fred med kvarandre likevel.

Er ikkje det å ønskje kvarandre alt godt eit bra vern mot krig og ufred?? Enten det gjeld mellom nasjonar eller mellom to menneske.

(Utdrag av konfirmasjonspreika over 4. Mos. 6, 22-27)

## OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar  
og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

### Direkte innval:

Kristen Stang	56 19 22 71
Mikal Toska	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

### Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

### Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

### Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Kjartan Tysse

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

### Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskeseth

Gjerstad: Svanhild Hartveit

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Marit Skjeldal

Hosanger: Gyda Tveiten Leweis

### Kyrkjeelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Melvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Kristen Stang

Øyvind Vevle

## Hugs bladpengar

I dette nr. ligg det ein giroblankett. Dei det ikkje høvde for å betala på giroen som låg i julenr. får her ein ny sjanse. Det er bladpengar og gåver som er intektkjelda til "Kyrkjehelsing", og me vonar framleis på velvilje hjå Ostringane. Bladpengane er kr. 100,-

## Presentasjon av konfirmantane

Vert som vanleg like etter at skulane er komne i gang til hausten.

Bruvik 25/8 kl.16.30, Haus kl.11.00. 8/9, Gjerstad 8/9 kl.19.00,  
Hamre 15/9 kl.11.00. og Hosanger 22/9 kl.11.00.

**Frivillighetssentralen**  
på Osterøy treng fleire hjelparar. Disponerar du bil og kan tenkja deg å vera besøksven kontakt telef, 56 19 21 27 eller 56 39 1821.



Innleveringsfrist  
 neste nr. er:

1. august

Stoff kan sendast til:  
Olav Melvik  
5284 Tyssebotn

## Vårfest for konfirmantane og pårørende i prestegarden i Haus hos sogneprest Johannes Melve og Borghild

Fredag 12. april 2002 var det vårfest for konfirmantene i prestegarden i Haus, hos sogneprest Johannes Melve og Borghild.

I år var Bruvik sogneråd ansvarlig for arrangementet. I alt 40 deltakere fra kirkelydene Bruvik, Haus og Gjerstad var samlet under ledelse av Johannes Melve.

De spesielt inviterte i år var prostiprest Werner Larsen og koret Ungdomsvarden / Unge Kristne, ved dirigent Kristine Vedå.

Sammenkomsten ble åpnet av lederen i Bruvik sogneråd, Wenche Fiskesteth, som ønsket velkommen til konfirmantene, pårørende og gjestene.

Hun takket Melve spesielt for at de fikk arrangere konfirmantfesten i presteboligen med alt det medførte av praktiske forberedelser og den fine rammen det ga rundt arrangementet.

Etter sangen overtok Johannes Melve og informerte om det videre programmet. Han fortalte gode historier, og til forsamlingens overraskelse presenterte han oss for «Her Hansen....han som gjør slik». Koret underholdt oss med mange fine sanger.

Prostiprest Werner Larsen holdt et innlegg om «det å være ung» og «frihet under ansvar» ut fra den kristne tro.

Før maten ble så Jacob Sandes

dikt «Kallen og katten» framført med kommentarer av Ole-Johan Steiner fra Bruvik.

Festmenyen besto av gryterett og kakebord som fikk julens 12 sorter til å blekne. Det er underlig hvor lett praten går over et godt måltid mat. Som alltid var det mesterkokken Einar Johnny Selvik som hadde laget den fantastisk gode retten.

Avslutning nærmet seg, og Wenche Fiskesteth takket for fremmøtet og ga en rød rose til gjester og aktører. Som en takk fra Bruvik sogneråd og et varig minne ble et fruktfat laget av røtter fra Bruvik overbrakt Borghild og Johannes Melve.

Wenche Fiskesteth.

## 50-års konfirmant-jubileum vert

- 1. sept. for Hamre ,
- 8. sept. for Hosanger ,
- 20. okt. for Haus og
- 27. okt. for Gjerstad og Bruvik

# Nytt frå Kyrkjeleg fellesråd - Kyrkjekontoret si teneste i ferietida

Når det gjeld gudstenester viser vi til preikelista. Den syner at det vil verte minst ei gudstjeneste kvar sundag heile sumaren. Dei faste prestane og organistane vil byte på å ha denne teneste i høve til deira ferietid. Heile tida vil det vere minst ein prest og ein organist i teneste, slik at også gravferder kan skje.

Kontoret vil elles også vere ope heile sumaren, men vi ber folk merke seg at i perioden:.

**15. juli til 2. august**

er Olav Melvik tilsett som vikar, og kontortida er då fastsett til:  
**kl. 10.00 - kl. 14.00.**

## Omlegginga av kyrkjegarden på Hosanger

Alle gravene som til no er vidare festa er komne på plass på den delen av kyrkjegarden som er lagt om. Rett nok har det teke noko meir tid enn vi først rekna, men dette har også ført med seg ein god del ekstra arbeid.

Vårarbeidet elles skal jo også gjerast, og dette året har vel grasveksten nærmast vore som ein eksplosjon. I denne samanhengen må vi nok også seie oss leie for at vi har tinga sesonghjelpa til å kome i gong noko for seint i høve til den brå våren. Vi vonar at vi no etter kvart skal kome betre i rute med slåttearbeitet, sjølv om økonomien nok heile tida set grenser.

Når det gjeld kyrkjegarden på Hosanger, er det slik at vi enno ei tid vil gje høve til å feste graver vidare dersom det framleis er tid innanfor den 60 års grensa som gjeld. Ein må då snarast vende seg til kyrkjekontoret og ordne med lenging av festetida. Vi vil då montere gravminna opp att på kyrkjegarden på den plassen dei hadde før. Førebels er dei gravminna som til no ikkje er montert samla på nedsida av det nye gravfeltet.

Reglane er også slik at gravminna er eigedomen til dei pårørande også etter at grava er sletta. Dei


som difor ynskjer å take hand om dei gamle gravminna sjølve må melde frå til kyrkjekontoret helst snarast, for i motsett fall vil gravminna verte fjerna etter ei tid.

## Ekstra brannsikring av Hamre kyrkje

Saman med kommunen arbeider vi no med å finne fram til eit opplegg for betre brannsikring av Hamre kyrkje. Dette er jo den eldste kyrkja i heile Nordhordland, og med ein særeigen og verdfull tømmerkonstruksjon, men som også gjer brannfaren særleg stor. Trass i ordninga med

brannvarslingsanlegg, ekstra brannslangehus og nabohjelp er uthykningsvegen for brannvesenet lang, og der er difor stor trøng for anlegg og utstyr som er meir direkte og effektiv. Både representantar for riksantikvaren og brannsikringsekspertise har no vore på staden, og no vonar vi berre at det er råd til å finne fram til eit opplegg som helst kan byggjast ut i flere trinn, og som ein kan finne finansiering til. Dette vil nok i alle høve verte så kostesamt at ein ikkje kan makte det innanfor kyrkja sine eigne budsjett.

Kristen Stang





# Velkommen til kyrkja

## KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:

Agnar Veyle, tlf. 56 39 43 53  
Rune Revheim, tlf. 56 39 21 04

Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane køyrer sjølv, får dei andre til å gjera det.

Kyrkjesskyss til  
Hosanger  
frå Tysse,  
ring Olav Meltvik,  
tlf. 56 39 52 27.

**Kyrkjesskyss til Haus kyrkje**  
Desse personane kan  
kontaktast pr. telefon:  
Berit Torp 56 39 03 59  
Einar Johnny Selvik  
98 06 48 54

## Dåp

Det høver med dåp desse sundagane:  
Haus: 18/8 og 8/9  
Hosanger: 14/7 og 22/9  
Hamre: 7/7, 11/8 og 15/9  
Bruvik: 4/8 og 25/8  
Gjerstad: 21/7, 8/9 og 29/9

### 23.juni 5.sundag etter pinse. Joh.8,2-11.

Vassdal skule kl.11.00. Gudsteneste. Melve.

### 30.juni 6.sundag etter pinse. Aposteldagen. Matt.16,13-20

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd.  
Takkoffer

### 7.juli 7.sundag etter pinse. Matt.16,24-27

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Melve. Dåp. Takkoffer  
til Fjon fjellkyrkje.

Haus kl.19.00. Gudsteneste. Melve. Nattverd.

### 14.juli 8.sundag etter pinse. Joel 2,21-27.

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd.  
Takkoffer

Geitnipa kl. 15.00 Friluftsgudsteneste. Melve.

### 21.juli 9.sundag etter pinse. Matt. 7, 21-29.

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Dåp. Takkoffer  
Bruvik kl.19.00. Gudsteneste. Skeie. Nattverd.  
Takkoffer til Normisjon.

### 28.juli 10.sundag etter pinse. Luk.12,42-48.

Haus kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd.  
Takkoffer til Norsk Lærarakademi  
(NLA)

Hamre kl.19.00. Gudsteneste. Skeie. Nattverd.  
Takkoffer til Kristent  
innvandrararbeid, Bergen.

### 29.juli Olsok Matt.20,25-28.

Gjerstad kl.19.30 Olsokgudsteneste. Skeie. Kyrke-  
kaffi på Osterøy museum etterpå.

### 4.august, 11.sundag etter pinse. Joh.6,66- 69.

Bruvik kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Dåp. Nattverd.  
Takkoffer til Kristen Idrettskontakt  
(KRIK)

Hosanger kl.19.00 Gudsteneste. Skeie. Nattverd.

### 11.august, 12.sundag etter pinse. Matt.21,28-32.

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Dåp. Nattverd.  
Takkoffer til Ungdomsarbeidaren i  
Osterøy.

### 18.august, 13.sundag etter pinse.Matt.12,33-37.

Haus kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Dåp. Nattverd.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

### 25.august, 14.sundag etter pinse.Matt.12,33-37.

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd.  
Eldredag. Takkoffer

Bruvik kl.16.30. Familiegudsteneste. Presentasjon av  
konfirmantane. Utdeling til  
seksåringane. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

**1.september, 15.sundag etter pinse. Efes.5,15-20.**

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. 50års konfirmantane møtest. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Bruvikdalen Friluftsgudsteneste i samband med tur. Fylg med i lokalavisene for klokkeslettet.

Gjerstad kl.19.00. Lovsongskveld.

**8.september , 16.sundag etter pinse.Luk.10,38-42.**

Haus kl.11.00. Høgmesse. Melve. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. 50årskonfirmantane møtest. Takkoffer Gudsteneste. Melve Presentasjon av konfirmantane.

Gjerstad kl.19.00. Høgmesse. Skeie. Presentasjon av konfirmantane.

**15.september, 17.sundag etter pinse. Luk.7,11-17.**

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Presentasjon av konfirmantane.

Takkoffer til Children at Risk Foundation.

**22.september 18.sundag etter pinse.Joh.8,31-36.**

Haus kl.11.00. Misjonsgudsteneste. Melve. Nattverd. Misjonær Åshild Furukawa preikar. Takkoffer til

Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer


**29.september 19.sun. etter pinse. Mark.10,17-27.**

Gjerstad kl.11.00. Familiegudsteneste. Melve. Utdeling av Kyrkjebibelen til fireåringane. Takkoffer Gudsteneste. Melve. Utsending fra NLA preikar. Takkoffer til NLA.

**6.okt, 20.sundag etter pinse. Joh.9,1-7 og 35b-38.**

Hamre kl 11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til NKSS.

## SOMMERLEIR 2002 WALLEMSTUNET PÅ KVAMSKOGEN



**PRIS:**

**LEIR 1: KR. 400,-**

**LEIR 2: KR. 300,-**

**LEIR 3: KR. 300,-**


**LEIR 1 24. JUNI - 28. JUNI (12 - 15 ÅR)**

**LEIR 2 28. JUNI - 01. JULI (9 - 12 ÅR)**

**LEIR 3 01. JULI - 04. JULI (9 - 12 ÅR)**

For informasjon / påmelding, ta kontakt med kretskontoret.

Wallemstunet eies og drives av Bergen Søndagsskolekrets. Bergens søndagsskolekrets er samlingsorganet for søndagsskolearbeidet i største deler av Hordaland fylke.



Bergens Søndagsskolekrets

Kong Oscarsgate 45D - 5017 Bergen. Tlf. 55 31 20 32 - Fax. 55 31 86 31 - Mailadr: soendag@igts.net

# Familie-nytt



## HAUS

### Døpte:

- 16.03 Anja Beate Røskeland  
Vatle  
12.05 Anne Sofie Romslo  
(Døpt i Bruvik)  
19.05 Jonas Csaba Orvedal  
Pedersen (Døpt i Vik)  
19.05 Amalie Orvedal Pedersen  
(Døpt i Vik)

### Vigde:

- 10.05 Arnt Ståle Lund og Ruth  
Hopland (vige i  
København)

## GJERSTAD

### Døpte:

- 24.03 Christoffer Myking Lone  
24.03 Magnus Reigstad  
31.03 Stig Roar Olsen  
10.03 Martine Kollvangsnes  
31.03 May Britt Olsen  
21.04 Julie Jung Skjerping  
Gjelvik  
21.04 Hanne Birkeland  
10.03 Sara Nathalie Dyrkolbotn  
(Døpt i Hosanger)

### Gravlagde:

- 19.03 Sverre hauge (f. 1912)  
21.03 Charles Kolbjørn Hartveit  
(f. 1944)  
12.03 Borghild Myking (f. 1931)

## BRUVIK

### Vigde:

- 27.04 Reidar Seilen og Eliane  
Flostrand

### Gravlagde:

- 03.04 Aslaug Bruvik (f. 1920)

## HAMRE

### Døpte:

- 24.03 Marie Vangen Hauge  
24.03 Jonathan Kvamme  
24.03 Christian Storedale  
Worren  
07.04 Eivind Dale Angelskår

### Vigde:

- 18.05 Thomas Johan Rebnord  
Johnsen og Lillian  
Kallekleiv (vigde i  
Spania)

### Gravlagde:

- 11.04 Gudrun Johanne Tepstad  
(f. 1919)  
08.05 Brit Langeland (f. 1925)

## HOSANGER

### Døpte:

- 01.04 Ørjan Tepstad  
01.04 Madelen Gjeitrem  
Balestrand  
01.04 Miriam Eide  
19.04 Camilla Tepstad

### Vigde:

- 20.04 Geir Ove Øksnes og  
Kjersti Grimstad  
25.05 Amund Fjellskål og  
Frøydis Dagny Husebø  
25.05 Jan Charles Nielsen og  
Hilde Rød

### Gravlagde:

- 12.04 Borgny Bjørndal (f. 1922)  
07.05 Gerda Signe Haaland (f.  
1913)

## De tør å være nær den andres nød uten å flykte til lettvinde løsninger eller råd

Hvordan kan Kirkens SOS våge å sette amatører til å snakke med selvmordstruede mennesker?

Hvordan kan en 20-åring hjelpe en deprimert 75-åring eller en 75-åring hjelpe en 16-åring som har personlighetsforstyrrelser og store rusproblemer?

Hva er det som gjør at en fisker, en dataingeniør, en uføretrygdet, en forskolelærer, en renholdsarbeider og en bonde møtes til veiledning og snakker om hva det gjør med dem selv å møte mennesker som vil snakke om sin livssmerte?

Hva er det som gjør at vanlige folk tør å gå inn i en slik krevende frivillig tjeneste?

Det handler om håp. Troen på at håp kan formidles gjennom gode møter mellom vanlige mennesker. At håp formidles når noen bryr seg. Viser vennlighet. Er rause. Prøver å forstå noe av den andres smerte. Kan ikke forstå - egentlig. For min smerte vil aldri være lik din. Men når du deler, forteller hvordan du har det - da forstår jeg litt mer. Forstår litt mer av hvordan du har det - og kanskje forstår jeg

også litt mer av meg selv.

Frivillige medarbeidere på Kirkens SOS har ingen svar. Ingen gode løsninger eller praktisk hjelp til den som ringer. Men de er modige. For de tør lytte til andres smerte uten å kunne gjøre noe. De tør å være nær den andres nød uten å flykte til lettvinde løsninger eller råd. De tør å gå ned i kjelleren sammen med innringer og være der i mørkt sammen med.



# Bruvik bedehus

v/ Normann Stokke

Bruvik bedehus vart bygt i 1932. Bruvik indremisjon fekk tilbod frå Vaksdal indremisjon om å overta bedehuset deira, for dei skulle byggja nytt og større hus. Huset var bygt av tre toms tømmer, så det var rimeleg enkelt å flytta, så dei tok mot tilboden. Ole J. Bruvik gav dei fri grunn, og grunnmuren og flytting av huset vart gjort på dugnad.

Huset har i fyreste høgd : inngang, garderobe, møtesal og galleri. I kjellaren er det kjøkken, matsal og trappegang.

Bedehuset vart innvigd i

desember i 1932 av sokneprest Nils Brekke. Lærar H. B. Stokke, som var formann i indremisjonen, gav ei utgreiing av bygginga og den økonomiske stoda. Huset var fylt til trengsel. Vaksdal kristeleg songkor

deltok, elles var det mange som kom med helsingar og gavé til huset.

I 90 åra vart huset utvida, større garderobe og to vannklosett, dette på grunn av at skulen leigde delar av huset nokre år.

Elles har huset vore til stor velsigning for folket på Bruvik – stranda, fleire vekkelsar har det

vore. I 1935 var det vekkelse v/ Levi Flostrand, det går endå for den store vekkelsen . Foruten indremisjonsverksemda har det vore gjesting av utsendingar frå andre kristelege organisasjonar.

Huset har elles vore brukt til minnesamvær i høve gravferd, festar, private samvær.

Veneflokken på Bruvik minkar etter kvart som dei eldre fell frå og det er få som kjem til. Men me har eit ynskje og ei bøn om at Gud må gjesta Bruvik bygda enno ein gong med vekkelse og fornying mellom bygdefolket.

# Soknepresten har ordet: Stat - kyrkje, statskyrkje eller fri kyrkje?

Stat - kyrkje, statskyrkje eller fri kyrkje ?

Skal Noreg framleis ha statskyrkje eller skal kyrkja vera fri frå staten ? Dette viktige spørsmålet har eit kyrkjeleg utval drøfta i fleire år. 7. mars la dei fram si innstilling. "Samme kirke - ny ordning" heiter boka som denne komiteen har laga. På 182 sider står deira framlegg og utgreiing. Hopehavet mellom stat og kyrkje har lang tradisjon i vårt land, men den såkalla "utviklinga" har gjort statskyrkjeordninga vanskeleg å halda oppe i framtida. Utvalet kom fram til at tida var inne for å drøfta nye tilhøve stat - kyrkje, og dei tilrår ei fri folkekirkje.

Eg trur nok at dei peikar på den einaste vegen som er råd å gå i det 21.hundreåret. Sjølv om tradisjonen for statskyrkja er sterkt, så er ordninga likevel uråd å halda fast på i framtida. Store endringar må koma. Grunnlova må endrast, økonomien må ordnast på ein ny måte, med medlemsavgift for alle kyrkjemedlemer. På

lokalplanet merkar me lite til Statskyrkja, me kan heller kalla kyrkja for kommunekirkje. Organiseringa av kyrkja kan verta annleis. 16 av 17 i komiteen er samla i hovudsaka: **Nei til framtidig statskyrkje.**

Alle sokneråd og fellesråd m.a. har fått innstillinga med freist til 2.september for å seia si mening. I oktober skal Kyrkjerådet leggja fram høyringssvara og på Kyrkjemøtet i Bergen 4.-9. november skal saka førebels handsamast. Eg trur at me har stoff til drøftingar i mange år framover. Me skal heller ikkje gjera vedtak for snogt. Både for kyrkja og for staten er det viktig å få drøfta korleis dei skal leva saman i framtida. For min del går eg inn for det slagordet som biskop Andreas Aarflot brukte som boktittel ein gong : La kirken være kirke.

Ja, lat kyrkja vera kyrkje, ei Jesu Krist kyrkje for det norske folket !


*Johannes Melve*

## Takk

Fasteinnsamlingane gav fine resultat.

Gjerstad	kr.15.281,-
Haus	kr.11.264,-
Bruvik	kr. 7.110,-
Hosanger	kr. 8.294,50 (Skulegudsteneste)
Hamre skule	kr. 1.189,50
Valestrand skule	kr. 3.762,50
Hjellvik skule	kr. 1.168,-
Konf. + bøsser	kr. 248,50

*Takk til alle som gav !*



## Presentasjon av konfirmantane

Vert som vanleg like etter at skulane er komne i gang til hausten.

Bruvik 25/8 kl.16.30,  
Haus kl.11.00. 8/9,  
Gjerstad 8/9 kl.19.00,  
Hamre 15/9 kl.11.00. og  
Hosanger 22/9 kl.11.00.

## 50-års

### konfirmantjubileum vert

1. sept. for Hamre ,  
8. sept. for Hosanger ,  
20.okt. for Haus og  
27. okt. for Gjerstad og Bruvik



## På kyrkjebakken

# Temakveldar i Hosanger til hausten

Det vil verta 3 temakveldar i Hosanger kyrkje denne hausten også.

Ikkje alt er på plass enno. Men det som er bestemt er i alle fall:

**Onsdag 16. oktober** vil Stein Husebø snakka om temaet *Når livet blir vanskelig*.

Han har arbeidd mykje med omsorg for kreftpasientar og omsorg ved livets slutt. I sin eigen familie har han opplevd sjølvord.

**Torsdag 31. oktober** vil Frode Thuen snakka om *Det å vera foreldre*.

Han stod bak programserien *Barndommens rike* som vart send på NRK.

Han er oppteken av barns oppvekstvilkår, det å vera foreldre og samlivsrelasjonar.

Den siste kvelden er enno ikkje i boks, og vert kunngjort seinare.

# Nytt bispedømeråd i Bjørgvin for perioden 2002 – 2006

Leke representantar ( vald av sokneråda ):

Barbro Høyland Andersen, 23 år, lærar, Stord  
Magne Skjeldal, 36 år, sjølvst. næringsdrivande, Voss  
Kari Sørheim, 54 år, fylkessekr. Kr. F, Masfjorden  
Oddvar Almennning, 55 år, dagleg leiar, Gloppe

1. vara : Henny Koppen, 47 år, høgskulektor, Stryn  
2. vara : Trygve Bergem, 63 år, professor på NLA, Bergen  
3. vara: Arnt Johny Langeland, 52 år, lensmannsførstebetjent, Askvoll  
4. vara: Synne Sandberg, 22 år, student, Bergen

Geistleg representant ( vald av prestane )

Roar Strømme, res. kap, 49 år, Os  
vara : Jens Olav Mæland, sokneprest, 59 år, Etne

Representant for dei leke kyrkjelag tilsette :  
Sissel Vartdal, kyrkjeleverje, 33 år, Fjell (busett i Bergen)  
vara : Britt Randby Theodorsen, 44 år, kateket, Stord.

## Rettferdig kaffi

I 1996 gjorde Kyrkjemøtet vedtak om ”forbruk og rettferd”. Rettferdig kaffi er ein lekk i denne samanhengen. Mange norske kaffileverandørar tilbyr no kaffi frå kaffibønder som er garantert ein minstepris.

Vår biskop Ole D. Hagesæter har også vore med og teke eit initiativ her, og me siterar frå ei pressemelding frå Bjørgvin bispedøme :

” Jeg tok selv kontakt med Herman Friile etter å lest et intervju med han i fjar. Der tok han til orde for å bedre levekårene og sikre økonomisk

frihet for kaffibøndene som tvinges til dumpingpriser når de skal selge kaffen sin. Jeg blir opprørt over utbytting av fattige bønder og arbeidere som rammes av lave råvarepriser som følge av at kaffeproduksjonen i verden er for stor i forhold til etterspørselen. Bibelordet ” en arbeider er sin lønn verd ” er et grunnleggende prinsipp i norsk arbeidsliv. Vi må kjempe for at det også skal gjelde for dem vi handler med internasjonalt, sier Hagesæter ” ( sitat slutt)

Kyrkjelydane og dei kristne organisasjonane om å nytta ” Rettferdig kaffi ” både av di den smakar godt og for at det er ei enkel, men likevel viktig solidarisk handling, enten du no vel Frielekaffien eller kaffi frå ein av dei andre leverandørane. Dei aller fleste butikkane fører no ”Rettferdig kaffi”, men han er ikkje alltid like synleg i hyllene. Ta deg då tid til å leita, men spør også gjerne etter denne kaffen, slik at du kan vera ei hjelp i marknadsføringa.

Me oppfordrar sjølvsagt også

# 2. Pinsedag 20. mai



*Samling utafor kyrkja etter gudstenesta*

Det er etter kvart fast tradisjon med den årlege høgtidsgudstenesta på Hamre 2. pinsedag og påfylgjande kulturveke- opning med noko

attåt. Slik også i år. Dagen rann med godt og lagleg ver til ramme for tilstellingane. Å feira gudsteneste i den tradisjonsrike Hamre kyrkja er høgtid. Denne

dagen var det særleg høgtid med biskop Per Lønning som liturg og predikant. Johannes Melve og Brigt Sigve Skeie deltok også under gudstenesta. I preika tala biskopen mellom anna om kristennamnet og korleis det har

*Gamle prestebustaden på Hamre vart nytta som utstillingslokale under Kulturdagane.*



Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**  
Krisetelefon  
815 33 300  
Epost-tjeneste:  
[www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

FÅ EIT MENNESKE Å  
SNAKKE MED NÅR  
LIVET ER SOM VERST



vore brukt opp gjennom tidene. Osterøy kyrkjecor og begge organistane våre deltok. Under nattverden vart det fullt rundt alterringen mange gonger og kyrkja var bortimot fullsett denne dagen.

Etter gudstenesta var det kulturvekeopning ved borgstova. Hamre /Hjellvik musikklag spela, Kristoffer Foldøy leia, og Inger Kvifte erklærte kulturveka for opna.

I prestegarden hang kunst av elevar frå Osterøy vidaregåande. Mykje fint å sjå som dekorerte veggar (og golv).



Hadde du tid til ein tur oppom kafeen på skulen, kunne du mellom anna få kjøpa god lappskaus.

Konserten som skulle vera kl. 14.00 vart utsett ein halv time så folk skulle få litt pusterom mellom «slaga». Kyrkja vart så godt som fylt på ny, og konserten vart ei minnerik avslutning på dagen.

Programmet var internasjonalt og variert, frå det meir lydmetta i regi av Fliflet/ Hamre, til vare klokkerøyster frå Cantus Sororum, opplevingsrikt og vakkert.

Jau, 2. pinsedag på Hamre var så absolutt verdt å få med seg, - i år også.

**Tekst: Brit Raknes**

*Over og under: Førebuingsarbeid til utstillinga på Hamre.*

## INTENSIVT KURS

Kirkens SOS starter nytt intensivt kurs for frivillige medarbeidere. Kurset går over to helger (fredag/lørdag) og to mandagskvelder. Kursstart er 30. og 31. august. Medarbeider har vakt ca. hver 12. dag og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.

For å være med i tjenesten må du være 20 år. Oppgaven er å lytte til innringer, tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Medarbeidere skal ikke finne løsninger eller «gode råd».

Velkommen til et godt fellesskap og meningsfull tjeneste.

# Fjellets kirke

ved Sigurd Svensson

For ein del år sidan leigde eg eine huset på fjellgarden Tyssebotn i ei påskehelg, hunden og eg. Me var der oppe i natur og stilla. Det var eit skjelden fint ver denne påskehelga med fine solnedgongar og stjerneklåre kveldar og netter.

På den tida heldt eg eit sjømannsblad då den yngste guten mi var til sjøs ei tid. Då eg kom heim att frå fjellet las eg i dette bladet eit dikt som heitte " Havets kirke". Dette diktet greip meg sterkt for i diktet var det sett ord på nett slik eg hadde opplevd det på fjellet denne påskehelga.

Eg kan ikkje hugsa kven det er som er forfattar til " Havets kirke", men i alle fall skreiv eg diktet om og kalla det "Fjellets kirke"

Når eg har lese dette diktet for andre har eg opplevd at det er mange som vert grepne av det. Dei fleste av oss har vel hatt naturopplevingar.

## Fjellets kirke

*Midt i strid og hverdagsvirke  
har jeg bygget meg en kirke  
som jeg går til mangen gang.  
Kirkegolv er fjellets vidder  
taket, himmelhvelvet over med sin sky – og stjerneheier.*

*Og når altertavlen males der i vest  
stemmes jeg til hellig fest.  
Dypt bak fjellet synker solen  
stjernene fra prekestolen  
taler kjærlig til meg ned.  
Sinn og tanker helt de fengsler  
vekker liv og hjertelengsler  
mot Guds store kjærlighet.*

*Og når storm i hytten suser  
da mitt kirkeorgel bruser,  
mektig med sin salmesang.  
Sådan i mitt hverdagsvirke  
har jeg bygget meg en kirke  
som jeg går til mangen gang.*

*I den siste aftenrøden - - -  
Herre, lys meg gjennom døden.  
Og når denne ferd er omme  
Kjære Fader, la meg komme  
i din store Faderfavn.*

